

## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, møte 31. august 2018

### Vedk. opphøyr av rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre 01.07.18, og kva dette betyr for fylket vårt

Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre opphøyrde 1. juli 2018. Føresegna trådte i kraft 1. juli 2008 med 10 års varigheit. Retningslina vart i 2008 sett i verk som eit mellombels tiltak for å leggje til rette for ei sterkare regional samordning av politikken for etablering og utviding av større kjøpesentre. Det langsiktige målet var å oppnå ei meir bærekraftig og robust by- og tettstad-utvikling, og å avgrensa klimagassutsleppa.

KMD understrekar at den nasjonale politikken ligg fast, og at dei omsyna den rikspolitiske bestemmelsen ivaretok, no vert dekkja av dei [statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging](#). Retningslinjene dekkjer både arealbruk og lokalisering av handelsverksemd, andre publikumsretta private og offentlege tenestetilbod. Under pkt. 4.1 i retningslinjene går det fram at:

*«Rammer for utbyggingsmønster og transportsystem bør fastsettes i regionale planer i tråd med disse retningslinjene. Planene bør avklare utbyggingsmønster, lokalisering av regionale handels- og servicefunksjoner...»*

Vidare under pkt. 4.5:

*«Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud kan lokaliseres ut fra en regional helhetsvurdering tilpasset eksisterende og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkter.»*

Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014) gjeld, saman med mål, føresegnar og retningslinjer, i dei regionale planane i fylka. Dette vil gjera planlegginga føreseieleg i heile landet. Retningslinjene gjeld all type handel uansett bransje, storleik og lokalisering saman med anna publikumsretta verksemd.

I fylket har vi [Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra](#) (2017), som er del av gjeldande fylkesdelplan for arealbruk. Den gjeld saman med dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjeld den regionale føresegna i 10 år frå vedtaksdato, eller til det ligg føre ein godkjent arealplan (etter pbl.) som tek i vare dei omsyna som reglane pkt. 3.1 (\*, sjå nedst) femner om.

I samsvar med vedtak i sak 29/18 i fylkestinget, 12.06.18, skal arbeidet med revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra starta opp no i haust. Ei endring av planføresegna vert vurdert som ein revisjon av planen når det gjeld etablering av kjøpesenter, og utløyser krav om konsekvensutgreiing, jf. Pbl. §4-2, andre ledd. Dei formelle prosessane etter plan-

og bygningsloven må difor følgjast. Fylkesutvalet og eventuelt planutvalet vert involvert i dette arbeidet. Fylkesrådmannen kjem, i samband med planprogrammet, tilbake i eiga sak med framlegg om korleis dette arbeidet bør leggjast opp.

### **Dette til fylkesutvalet si orientering.**

---

#### *(\*) 3.1. Føremål*

*Føremålet er å styrke eksisterande by- og tettstader, gje samfunnsøkonomisk effektiv arealbruk, og å legge til rette for miljø- og helsefremjande transportval. Føresegna skal sikre at ny handelsverksemd vert lokalisert innanfor, eller i tilknytning til eksisterande by- og tettstadssentra, med god tilgjenge for gåande og syklende og med god kollektivdekking. Det langsiktige målet er å oppnå ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling, avgrense klimagassutsleppa og bidra til at inngrep i landbruks-, natur- og friluftsområde blir redusert.*